

Merknader

MERKNADSSKJEMA – FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL MEKNADAR OG FRÅSEGNER

PLANOPPSTART OG PLANPROGRAM

Plannamn	Alverstraumen kai Detaljreguleringsplan
Arealplan-ID	
Utarbeidd av	Norconsult AS, AST/RON
Datert/ Revidert	11.10.2018

Avsendar	Hovudpunkt i merknad/fråsegn	Forslagsstillar sine kommentarar
<i>Private merknadar</i>		
1. Ingvild Skåden, 27. 01. 2013	Ingvild Skålden ser fram til å få orden på kaiområdet, vonar på samarbeid, men meiner eit bygg i 4 etasjar ikkje er ønskjeleg av di det vil blokkere all utsikt og forringa verdien av eigedomen vesentleg.	Merknaden er tatt til orientering. Forslagsstillar har innløyst eigedommen
2. Sveinung Tofting, 05. 02. 2013	Sveinung Tofting er eigar av gnr. 133 bnr. 1, som industritomta til Chr. Bjelland vart utskild frå. Reguleringsendringa vert sett på som eit positivt tiltak for at den indre farleia gjennom Alverstraumen skal stå fram på ein verdig og tiltalende måte. Sveinung Tofting ber om at tilkomst til naust sørvest for tidlegare næringsbygg vert sikra. Han viser vidare til munnleg avtale med Chr. Bjelland i si tid om bygging av eksisterande trekai, og at eigedomsgrense skulle fylgja betongkaien. Etter at Rognaldsen Bakeri overtok området, vart det inngått ein avtale om bruk av sjøområdet sør for kaien datert 17. september 2002.	Naustet inngår i planforslaget og er sikra tilkomst over det utvida kaiområdet vist som offentleg uteopphaldsareal, o_U

Offentlege fråsegner		
<p>1. Statens vegvesen, 17. 01. 2013 o, e-post datert 14.08.2018.</p>	<p>Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det no vert lagt opp til ei omregulering av eksisterande næringsområde på Alverstraumen kai til bustadføre mål og / eller næringsområde som samsvarer med plan for den indre farleia.</p> <p>Statens vegvesen vil tilrå at den delen av fylkesvegen som ligg utafor den raude stipla streken i framlegg til planområde, vert med som ein del av planområdet, Det vil då vera mogeleg å vurdere forhold knytt til teknisk utforming av krysset med fylkesvegen i samsvar med krava i handbok 017 frå Vegdirektoratet</p> <p>Etter ny gjennomgang av planarbeidet i august 2018 held Statens vegvesen fast på uttalen frå 2013. Dei ber om at krysområdet mellom fv. 565 og vegen ned til kaien vert innlemma i planområdet. Busslommene må også sjåast i samanheng med resten av planområdet. Dei ber om at handbok N100 vert lagt til grunn for val av løysingar. Forslagsstillar ynskjer å ta merknaden til fylgje.</p>	<p>Merknaden om avgrensing av planområdet er tatt til fylgje ved å ta inn arealet innafor påpeika stipla raud line. Merknad om kryssutforming er utforma i samsvar med N100</p>
<p>2. Kystverket, 25. 01. 2013</p>	<p>Kystverket har ingen merknader</p>	<p>Merknaden vert tatt til orientering</p>
<p>3. Bergen og Omland Havnevesen, 05. 02. 2013</p>	<p>BOH kan ikke sjå at planane vil koma i konflikt med deira interesser, men ber likevel om at føresegnene stiller krav om at søknad om tiltak i sjø, som bygging , graving og utfylling i sjø skal sendast BOH til uttale.</p>	<p>Merknaden om at søknad om tiltak i sjø, skal sendast BOH til uttale er tatt til fylgje, ved å leggja inn rekkefylgjekrav om dette i føresegnene.</p>
<p>4. Hordaland Fylkeskommune, regionalavdelinga, 17. 01. 2013</p>	<p>Hordaland fylkeskommune (Hfk) har ingen merknad til denne omgjeringa frå industri til bustad. I denne saka ber Hfk om at det blir lagt særleg vekt på tilgjenge for ålmenta, estetikk og god formgjeving av bustadprosjektet. Hfk vil her peike spesielt på samanhengen med den indre farleia. «Den indre farleia» er farleia som går frå Fedje/Fensfjorden til Bergen. Den indre farleia var ofte siste etappe for nordlandsjektene i seglbåttida. Dampbåttida skapte og stor trafikk og vekst i samfunna langs leia. Det er viktig å sikre vern og verdier langs denne leia. Hfk kan ikkje</p>	<p>Merknaden som gjeld tilgjenge for ålmenta ned til sjøen er tatt til fylgje ved at tilkomstvegen og kaifronten (offentleg uteopphaldsareal) med flytebrygge for båttransport til Solholmen og midlertidige båtgjester er lagt inn som offentlig føremål.</p> <p>Krav til estetikk, god formgjeving og omsyn til den indre farleia er sikra i føresegnene.</p>

	sjå at det ligg føre informasjon i Sefrak-registeret for dette området. Hfk deltek elles gjerne i samarbeid om planlegginga.	
5. Fylkesmannen i Hordaland, kommunal- og samfunnsplanavdelinga, 14. 02. 2013	Fylkesmannen (Fmh) minner om det skjerpa strandsonevernet. Planen må sikre ålmentas tilgjenge langs sjø. Sjølv om arealet allereie er svært prega av inngrep, er det likevel av stor verdi at kaifronten held fram å vere tilgjengeleg for ålmenta.	Merknaden som gjeld tilgjenge for ålmenta ned til sjøen er tatt til fylgje jfr kommentar til merknad 6